

	Skjåk kommune Plan, samfunn og miljø	Arkivsak: 2013/66-89 Arkiv: 062 Saksbehandlar: Per Dagsgard Dato: 10.01.2014
---	--	---

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
1/14	Brannstyret for Lom og Skjåk	27.01.2014
1/14	Skjåk kommunestyre	30.01.2014

Høyringsuttale til Rapport frå arbeidsgruppe som har vurdert organisering og ressursbruk i brann- og redningsvesenet

Saksutgreiing

Utdrag frå høyringsbrev:

Justis- og beredskapsdepartementet sender på høring Rapport fra arbeidsgruppe som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk (Brannstudien).

Justis- og beredskapsdepartementet ga 5. oktober 2012 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap i oppdrag å opprette og lede en arbeidsgruppe som skulle utrede hvordan de samlede ressursene i brann- og redningsvesenet kan utnyttes best mulig, og i samhandling med andre beredskapsaktører. Arbeidsgruppens rapport ble levert til departementet 2. desember 2013.

Hovedanbefalingen til arbeidsgruppen er å organisere brann- og redningsvesenene fylkesvis, slik at det blir 18 eller 19 enheter, avhengig av om Oslo og Akershus blir en felles enhet eller ikke.

Rapporten, og to samfunnsøkonomiske analyser som arbeidsgruppen har innhentet, er tilgjengelig på Justis- og beredskapsdepartementets hjemmesider under høringer: www.regjeringen.no/html?id=747757.

En liste over høringsinstansene følger vedlagt. Justis- og beredskapsdepartementet ber adressatene om å forelegge rapporten for berørte underliggende organer, foreninger eller organisasjoner på eget område, dersom disse ikke er oppført på listen. Departementet ønsker også å få informasjon om eventuelle andre aktører som bør få anledning til å uttale seg om rapporten.

Sammendrag

Bakgrunn

Det er i dag ca. 295 brann- og redningsvesen og omkring 650 brannstasjoner på landsbasis. Alle enheter i brann- og redningsvesenet er knyttet til en regional nødalarmeringssentral kalt 110-sentral, og det er totalt nitten 110-sentraler. Et brann- og redningsvesen omfatter overordnet ledelse av brannvernet i kommunen eller den aktuelle regionen, samt alle brannstasjoner i det aktuelle området.

Forebyggende arbeid og beredskap i brann- og redningsvesenet er et kommunalt ansvar. Kommunen forvalter disse tjenestene som en del av den kommunale administrasjonen og kan sette bort deler av oppgavene til andre kommuner eller virksomheter.

Arbeidsgruppa har komme med tre forslag til organisering av framtidig brann- og redningsvesen.

- Alternativ 1 – Fylkesvis organisering med 18 eller 19 brann- og redningsvesen
- Alternativ 2 – Regionalisering av brann- og redningsvesen som kvar for seg dekkar minst 100 000 innbyggjarar (30 – 40 brannvesen)
- Alternativ 3 – Meir kommunalt samarbeid der kvart brann- og redningsvesen dekker minst 20 000 innbyggjarar (ca 120 brannvesen)

Alle tre alternative medfører redusert behov for personale knyta til administrasjon. Dette vil føre til innsparing på administrative stillingar.

Meir kommunalt samarbeid vil føre til økt kompetanse og fleire tilsette å støtte seg på.

Større geografiske område vil på den andre sida føre til organisatoriske utfordringar ved at avstanden mellom leidar og tilsette blir større. Større avstandar gir truleg auka driftsutgifter på grunn av store kjøre avstandar (forebyggande arbeid).

Den samfunnsøkonomiske analyse av ny organisering av brann- og redningsvesenet anbefaler alternativ 2.

UTALE TIL HØYRING

Det kan sjå ut som mykje av det som fungera godt i dag ikkje er vektlagt her. Mange brannvesen gjer i dag eit godt beredskapsarbeid og forebyggande arbeid. Gruppa er innom mange element som er viktige. Mange brannvesen er mindre og kan såleis ha utfordring med å oppfylle alle krava.

For mindre brannvesen er det behov for ein del eldsjeler for å klare å løyse alle oppgåvene på ein god måte. Vi ser heilt klart at det kan bli ei utfordring ved store hendingar som går over tid. Overordna vakt bør klart vere felles for ein region. Da vil det bli eit større erfaringsgrunnlag og fleire å spele på ved store hendingar.

Regionen bør ikkje bli så stor at vi mistar kontakta med kommunane. I dag er avstanden liten for å diskutere arealutbygging og byggesakar. Når det gjeld store avstandar med auka kjøring vil dette bli utslag på klima.

I oktober 2013 vedtok Oppland fylkeskommune ein regional plan for klima og energi for Oppland 2013-2024. Eit hovudmål for klimapolitikken i Oppland er å bidra til at dei nasjonale utsleppa av klimagassar blir redusert med 30 % innan 2020 i høve til nivået i 1990. Transport (vegtrafikk og mobil forbrenning) utgjer over 50 % av klimagassutsleppa i fylket (629 000 tonn CO₂ i 2009). For å nå måla i gjeldande klima- og energiplan må utsleppa i denne sektoren reduserast med ca. 165 000 tonn CO₂ innan 2020 i høve til 2008-nivå.

Kommunane Lom og Skjåk har og ein handlingsplan for klima og energi, vedteke i 2010. Reduksjon av utsleppa frå transport er og i denne planen eit sentralt tema.

Auka sentralisering fører til auka transport for folk som bor i utkantkommunane og gir altså motsett effekt i høve til det som er fastsett som lokalt og regionalt mål.

Det blir i dag samarbeidd på viktige område:

- Samarbeid med IUA i Oppland
- 110 Elverum
- Restverdiredning

Beredskap:

Mannskapa på stasjonane er viktig resurs, det er her viktig med god kommunikasjon med leiinga i brannvesenet. Dette betyr mykje når det skal rekrutterast nye mannskap. Kan bli ei utfordring med motivasjonen for deltidsmannskap dersom avstanden til leiinga blir for stor, fordi kontakt blir mindre.

Førebyggane avdeling:

Viktig med lokal forankring med for eksempel § 13 bygg, her er det viktig med god dialog for å nå fram og få eigar til å skjønne at det kan lønne seg å investere i tryggleikstiltak (utover minimumskravet). Informasjon og motivasjon er ein viktig del av oppgåvene, blir lettare å selje inn dette dersom vi har ei lokal tilknytning.

Feiing:

Feiaren er ein av dei viktigaste resursane brannvesenet her, her er det viktig med lokal forankring. Feiaren er den som kan gjere godt førebyggande arbeid når det gjeld private bustadar. Her kjem vi nære inn på folk og får forklart om risiko på ein god måte. Som kjent er det her dei fleste dør i brann.

Kommunane Lom og Skjåk har felles brannvesen etablert i 2001 med i underkant av 5000 innbyggjarar. Vi samarbeida ein del med nabokommunane i dag. Felles overordna vakt er nok noko som bør bli felles i framtida. Elles blir det sett på område som kan samarbeidast på.

Vi trur i utgangspunktet på frivillig samarbeid/samanslåing i staden for tvang. I denne forbindelse er det viktig at DSB blir flinkare til å informere og støtte lokale brannvesen, slik at vi sjølve kan ta standpunkt til eventuelle samanslåing på eit godt fageleg grunnlag. Viktig at avstandane ikkje blir større enn det vi kan handtere.

Ei løysning mellom alternativ 2 og 3 kan vere aktuelt, der dei geografiske avstandane er store ligg vel alternativt 3 som eit godt alternativ.

Kommunestrukturen er under vurdering, det bør vel vurderast noko ut frå dette.

Brannsjefen si innstilling

Brannstyret sluttar seg til forslag til uttale

Vedtak i Brannstyret for Lom og Skjåk - 27.01.2014

Brannstyret sluttar seg til forslag til uttale

Samrøystes